

Ny varebil med logo for kvar avdeling.

23.01.2019



Dagleg leiar, Tor Vidar Sæle, syner fram den nye varebilen, til ein verdi av kr. 500.000,-

Kvinnherad Vekstbedrift er i sterk utvikling med varelevering og nye tiltak. For nokre månader sidan fekk verksemda ny varebil, ein Mercedes Sprinter, varebil 2016 modell med lift. Bilen vert definert som varebil i klasse B. Med lastekapasitet på 1000 kg vert bilen nytta til transport av møblar og transport av varer ut og inn til vaskeriet. Kvinnherad Vekstbedrift har nyleg fått ein større kontrakt på levering av varer frå vaskeriet, noko Uskedalen.no kjem tilbake til i eige innlegg.

Den nye varebilen er levert frå Kristiansand Varebilsenter. Bilen var køyrt 40 000 kilometer og har ein kostnad på kr. 500.000,-. Metro reklame på Husnes har montert reklame på bilen som syner ei rute med bilete for kvar avdeling.

Varebilen vil ha to hovudfunksjonar:

- Alle møblar til Retroen på Husnes vert henta og levert med bilen. Møblane vert sett på tralle og med lift slepp ein tunge løft. Bilen har med andre ord ein helsegevinst og fleire av brukarane kan vera med på transporten
- Vaskeriet vil få større leveransar i tida framover. Klede, som vert vaska, vert pakka på tralle, stroppa og sett inn i bilen. Det kan vera sengkleda, handkle, matter og kjeladresser.. Her er det snakk om minst mogleg bering og tunge løft.

Bilen har plass til 8 Europaller flatt liggjande.

Det er alt gjort ei nyinvestering i vaskeriet på om lag kr. 100.000,- Meir om dette på Uskedalen.no i neste veke.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

VEKSTBEDRIFT AS

Tilbyr følgende tenester:

- Vaskeri
- Jobbfrukt
- Den grønne frisør
- Jern og betong
- Retro brukthandel og kafé
- Kantine og Catering
- Paller
- Ved
- Besøk/Kontoradresse Uskedalen
- Vedlikehold og montering
- Tekstil
- Treverkstad

Reklamen på bilen syner ei rute for kvar avdeling, til saman 12 ulike tenestetilbod.